



# Cleaning out my closet

Prosjekt 4, DRSK /HSN mars 2016  
Tema: Redesign, Irene Fanebust Eknes

# Innhald

Hette-topp.....	s 5
Idéprosess .....	s 7
Produktfoto .....	
Presentasjonsfoto.....	s. 16
Teikning på figur .....	s 12
Skjørt .....	s 3
Utprøving av idear .....	s 4
Produktfoto.....	
Presentasjonsfoto.....	s. 16
Vurdering av design og produkt .....	s.28
Estetiske kvalitetar i produkt og prossess...	s.29
Tilpassing på modell og kvalitet i arbeidet .	s.30

# Idéprosess




Utgangspunkt



På leit etter  
sjefen







Variasjonar  
med kragen  
på magen







Avslutningar  
Hals-krage







Variasjonar  
med hette







Justering av  
hette og  
krage







# Produktfoto







Presentasjons-  
foto







# Teikning på figur- flateteikning









Skjørt



Utgangspunkt





På leit etter  
sjefen



Kombinasjon  
mellom  
fleire plagg










Demokratisering







Skulderknappar  
som hovudsjef







Lappeteppe -  
Justering av lengde  
og breidde









Vurdering av  
design og produkt





## Utgangspunkt

Ein grunnleggande tanke gjennom heile redesignprosessen har vore å sjå potensiale i dei ulike plagga og la dette styre særleg første del av idéfasen. I alt har det blitt 3 sluttprodukt som har det til felles at detaljar i originalplagget har fått nye funksjonar ved at dei er flytta til andre stader på kroppen. Stoff og saum er i utgangspunktet god og er derfor utnytta og framheva i sluttprodukta. Innsnitt, justeringar i lengde og breidde er i størst mulig grad lagt i tilknytning til originalsaumar.



## Val av plagg



Undervegs i prosessen vart det tydelig at plagga frå samling på Rauland, har ein del fellestrekk i design og stoffkvalitet. Dei har



begge trekk av det androgyne, der referansen til dress og det maskuline er tydelig. Samtidig har jakken detaljar som går over i det meir romantiske i dekor på ryggen og i runde og feminine former framme. Det same gjeld for skjørtet si konvekse linje over magen. I valet av plagg i den siste oppgåva var det derfor viktig å finne eit uttrykk som kunne binde saman og stramme opp, og skape ein kontrast til det relativt mørke og matte. Valet fall på ei klassisk kvitstripa herreskjorte med innslag av glansa linjer, stram i linjer og fast i stoffet.

## Redesignprosess

Det mest interessante med herreskjorta var umiddelbart teksturen i stoffet, i glansa vertikale striper. I tillegg var det kontrasten mellom parti av stive opake overflater i mansjettar og krage mot transparente lette delar på mage og rygg. Som i dei andre plagga, hadde skjorta fleire funksjonelle detaljar det var verdt å ta vare på. Særleg lukkemekanismane i kneppinga framme i mansjettkant og splitt.



Med dette som utgangspunkt vart plagget vendt og snudd, på leit etter sjefen. Kragen peikte seg ut som styrande, då denne hadde eit oppstrammande element både visuelt og funksjonelt. I ulike plasseringar av denne kunne ein framkalle



ein kontrast mot meir draperte parti. Nokon av utprøvingane var gjort i overkant pompøse og på den måten forsvann av den linære stripeeffekten som var den første fasinasjonen.

Designprosessen gjekk i retning av å understreke det linære geometriske i plassering av saumar og innsnitt.



Med kragen plassert på ryggen-opp/ned, kunne knappane framme vidareførast som lukkemekanisme. I trekanten som oppstod rundt navlen, vart mansjettane sydd inn for vidareføre lukking heilt ned og ramme inn livlinja.

Skjorta var relativt vid, med nok stoff til å legge inn armar. Dette vart prøvd ut fleire gongar undervegs, og til slutt veld vekk. Etter å ha sydd innsnitt framme og bak oppstod det ei karakteristisk linje rundt ermeholet det var verdt å ta vare på.



I tillegg var det ein fare for at for mykje av det transparente lette stoffet i hette og ermer slo i hel det stramme uttrykket i sjølve torsoen.



Avslutninga rundt hals, var ein problemstilling det vart jobba mykje med. Målet var å behalde mykje av dei opprinnlege i avslutningane i originalplagget og foldene som oppstod, vart fort lagt i retning ei hette. Slik torsoen no framstod, skapa det ein formlikskap til trekantlinjene.



Første utkastet til hetta var slapp og formlaus og måtte justerast i alle retningar, med fleire saumar.

På eit tidspunkt var eg inne på tanken å nytte eit omsydd slips som «snor» i hetta. Det vart prøvd ut på fleire måtar, men også veld vekk. Avslutninga vart tung og rynkene som oppstod rundt kanten skapa eit søtlig, posete uttrykk.





Løysinga låg i ein uutnytta del. Mansjettsplitten hadde ein knappefunksjon som kunne skape orden på mengden av stoff i halsen.

Ved å sy den utanpå halskanten skapa det ein tyngde i avslutninga som gjorde stoffet lettare å halde på plass i ulike formasjonar.

### Vurdering av sluttresultat

Ut frå målet om at plagget skulle vere ein kontrast og bruyggjar mellom jakke og skjørt, syns eg skjorta har kvalitetar der dette lukkast. Den har element av geometriske –linære maskuline uttrykk og meir feminine runde former, m.a i hetta. Stoff og farge set ein ekstra spiss på kolleksjonen. Utover dette er eg særleg nøgd med er måten plagget har vidareført funksjonalitet frå originalplagget, m.a. i bruk av knepping. I høve til originalitet kunne ein likevel ha utforska meir i høve til plassering og bruk av desse.

Plassering av kragen på ryggen er og noko eg ser er brukt i fleire redesignplagg innafor «Junky-styling» og på den måten ikkje særleg nyskapande. I den gitte konteksten, i samspel med skjørtet var dette likevel eit riktig val, slik eg vurderer det. Begge plagga har element av det stramme og det lause. I møtet i livet overlappar kragen den meir inntilsitjande overdelen av skjørtet, og det oppstår eit rom av rørsle.



Spelet av linjer i teksturen, i vertikale og diagonale retning blir understreka av innsnitt dekorert med stikningar. Det skapar eit karakteristisk stramt preg. Ved å behalde det doble stoffet, opprinneleg bak på skulderblada, opplevast ein tyngde i ein gradert overgang mellom øvre og nedre del av ryggen.

I speilvending av linjer på venstre og høgre side, har ryggen blitt skeiv. Venstre sida er større enn høgre sida. Det er ikkje noko ein umiddelbart legg merke til, men noko som trekkjer ned heilhetsinntrykket. Saumane på utsida opplevast stort sett som forseggjorte. På Innsida kunne derimot avslutningane vore betre bearbeidd. Det kunne kanskje vore løyst med fransk saum. Ytterlegare sikksakk eller overlock trur eg derimot ville forstyrre det reine uttrykket.

Passformen er kanskje litt laus. Samtidig var ideen at den skal vere ledig og ligge utanpå nederdelplagget.

